

Magnus Frøyland

Dato: 07.04.2022

Dokumentnummer: 22/1083-2

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Anne Sofie Sandvik

Uttale til søknad om statleg tilskot til utbygging av Utbjoa tømmerkai

Vindafjord kommune er ein stor skogbrukskommune i Rogaland og det er viktig å ha tilgang på tømmerkaiar for lokalt tømmer, men ikkje minst at heile Rogaland har effektive, berekraftige og framtidretta løysingar for frakt av tømmer i regionen.

For ei tid tilbake sikra me i samarbeid med fleire kommunar ei utviding av Søndenaeset tømmerkai som har vore i svært aktiv bruk sidan. I samband med utbygginga av Søndenaeset tømmerkai blei det estimert at 1/3 (15 000 m³) av årleg volum skulle gå ut over tømmerkaien i Utbjoa. Det var ikkje teke høgde for at volum frå Tysvær, Bokn, Haugesund og fastland Karmøy skulle måtte gå over Utbjoa.

Kaisituasjonen i området er endra, og der det no om kort tid ikkje vil bli mogleg å levera tømmer over kai i Yrkje -Ramsvik i Tysvær kommune. Det betyr at volum frå Tysvær, Bokn og Karmøy vil ha Utbjoa som nærmaste og einaste alternativ. Det å ha kontroll og sikre egne tømmerkaiar over tid, er viktig for vidareutvikling og utnytting av skogressursane i området.

Utbjoa tømmerkai stod ferdig utbygd i 1985. Det digitale plankartet viser i dag at tømmerkaien ligg utanfor regulert område, men det opphavelge plankartet viser og at det er regulert noko ut i sjø. Det må gjerast ei vurdering knytt til om utvidinga av kaien vil krevje ei reguleringsendring for å få på plass omsøkte utviding. Intensjonen i vedteken reguleringsplan og bygging av tømmerkai allereie i 1985 viser at område er sett av til tømmerkai og utskipping.


Det var store planar for industriområde og ferjesambandet på Utbjoa i 1981. Mange av planane blei ikkje noko av. Område er i dag eit blandingsområde der det framleis ligg naust og hytter i område. Ei utviding av kaien må derfor og vurderast med tanke på støy.

Skogfagleg vurdering


Vindafjord kommune stiller seg bak Statsforvaltaren i Rogaland sin uttale av 06.04.2022, vedlagt.

Planfagleg vurdering

Området tømmerkaien ligg på er regulert til offentleg trafikkområde, kai og utskipping, i Reguleringsplan for Utbjoa, vedteken i 1981. I originalt plankart viser det at det kan byggast ut i sjø.



Ytre del av tømmerkaien ligg i dag utanfor planområdet slik planen er digitalisert inn i det digitale kartet, som vist på bilete under. Det må gjerast ei vurdering om utvidinga krevjar at planen endrast.



Grunneigar Vindafjord skogeigarlag ynskjer å utvide eksisterande tømmerkai på 30 meter til totalt 55 meter. Kommunen ønskjer gjerne eit møte med Vindafjord skogeigarlag der skisser for ny tømmerkai og utskipningskai blir lagt fram. Før Vindafjord kommune kan ta imot ein søknad om utviding av eksisterande kaiområde må det avklarast om Vindafjord Skogeigarlag først må søke om endring/utviding av reguleringsplanen. I samband me søknad/reguleringsendring må det gjennomførast støvvurderingar.

Ta gjerne kontakt med einingsleiar for areal og forvaltning, Erle Mæland Aasheim, for å avtale møte.

Kontaktinformasjon:

E-post: erle.maeland.aasheim@vindafjord.kommune.no

Telefon: 90 77 76 55

Med helsing

Anne Sofie Sandvik
kommunalsjef for samfunnsutvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:

Uttale - utviding av eksisterande tømmerkai Utbjoa i Vindafjord kommune